



Fitjar vgs. Vestland fylkeskommune



**Du veit du går på
Fitjar når kvardagane
er gode**





Velkommen til Fitjar vgs.

Fitjar vidaregåande skule er ein tradisjonsrik og framtidretta skule i hjarta av Sunnhordland. Me legg vekt på eit trygt og inkluderande læringsmiljø, der elevane våre kan utvikla seg både fagleg og personleg.

Skulen vår tilbyr både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram, og me satsar på praksisnær undervisning. Elevane får verdifull erfaring gjennom samarbeid med sjukeheimar, barnehagar og lokale matbedrifter.

Me er også ein dysleksivennleg skule, noko som betyr at me har ekstra fokus på tilrettelegging for elevar med lese- og skrivevanskar.



FBIE

-frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign

Kvifor velja FBIE?

- Lær grunnleggjande ferdigheiter i frisørfaget, blomsterdekorering og interiørdesign.
- Bli kjent med dei ulike yrka gjennom bedriftsbesøk og praksis.
- Få opplæring i utstilling og eksponering av produkt.

Kva kan du bli?

Du kan utdanna deg til frisør, blomsterdekoratør, interiørkonsulent, maskør- og parykkmakar, eller utstillings- og profileringsdesignar.





Restaurant- og matfag

Likar du å laga mat?

Då kan restaurant- og matfag vera noko for deg! Dette er faget for deg som er kreativ, nøyaktig og har sans for god mat og drikke. Våre elevar er mykje ute i praksis, og me arrangerer eigne restaurantkveldar ein gong i månaden.

Me tilbyr:

- Vg1 Restaurant- og matfag
- Vg2 Kokk- og servitørfag

Kva kan du bli?

Etter utdanninga kan du jobba som kokk, bakar, servitør, pølsemakar, slaktar eller konditor – mogleheitene er mange!



PODLEN VERKSTAD

Podlen Verkstad AS er lokalisert i Hatlandsmyro 7, på Heiane, Stord.

Me er ei produksjonsbedrift for industri og privatkundar, som driv tiltaket Varig Tilrettelagt Arbeid på oppdrag frå NAV. Me har 30 VTA-plasser og våre samarbeidskommunar er Stord, Fitjar og Sveio.

Fitjar og Stord VGS har årleg elevar utplassert hos oss.

Produksjonen vår består av eit moderne Vaskeri med matteutleige, Bruktbutikk, Snikkaravdeling, Ved-produksjon, Gåveartiklar, Makulering, samt mange bestillingsoppdrag frå næringslivet og privatkundar.

 podlenverkstad.no



Best på utvikling gjennom produksjon



Profesjonell · Utviklande · Samhold



Helse- og oppvekstfag

Vil du jobba med menneske?

Helse- og oppvekstfag passar for deg som ønskjer ein meningsfull jobb der du kan hjelpa andre.

Yrkesfagleg løp (2 år + læretid)

Etter to år på skule kan du gå ut i lære, eller du kan ta påbygg til generell studiekompetanse.

Kva kan du bli?

Du kan utdanna deg til blant anna helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar, tannhelsesekretær, eller ambulansesjåfør.

Studieførebuande løp (3-årig – helsearbeiderfag)

Har du ein draum om å bli sjukepleiar, sosionom eller fysioterapeut? Då kan du ta helse og oppvekst – studieførebuande.

Dette er eit treårig løp der du får generell studiekompetanse samtidig som du lærer meir om helse- og oppvekstfag. Programfaga frå vg1 helse- og oppvekst og vg2 helsefagarbeidar vert fordelt utover alle tre åra, slik at du får ei meir praktisk og fagleg tilpassa opplæring.

Kvifor velja helse og oppvekst – studieførebuande?

- Du er interessert i helse og vil jobba med menneske.
- Du vil studera vidare på høgskule eller universitet.
- Du ønskjer ei jamnare fordeling av programfag og fellesfag.
- Du får ei opplæring som vekslar mellom teori og praksis.

Me tilbyr:

- Vg1 Helse- og oppvekstfag
- Vg2 Helsearbeidarfag
 - Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag
- 3-årig studieførebuande med helsearbeiderfag

Noko å feira?

Hos oss er moglegheitane mange

...for feiringar i alle former - store, små, korte og lange. Me har fleire ulike og flotte selskapslokale, som passar alle typar arrangement.

[LES MEIR PÅ STORD-HOTELL.NO](http://stord-hotell.no)



Stord
Hotell



Påbygging til generell studiekompetanse

Vil du studera vidare etter yrkesfag?

Påbygging til generell studiekompetanse er for deg som har gått eit yrkesfagleg program og ønskjer å studera vidare på høgskule eller universitet.

Hos oss møter du elevar med ulik bakgrunn – nokre kjem rett frå vidaregåande, medan andre har vore lærlingar og teke fagbrev før dei startar på påbygg.



Vaksenopplæring


Nye moglegheiter!

Er du over 19 år og har ikkje fullført vidaregåande? Me tilbyr gratis vaksenopplæring innan helsefag og kokk- og servitørfag.

Vaksenopplæringa er modulbasert, slik at du kan ta utdanning i ditt eige tempo. Dette gjer det lettare å kombinera skulegang med jobb og familie.

På Fitjar vgs. satsar me på internasjonalisering! Kwart år får nokre av elevane våre reisa på praksis i utlandet gjennom samarbeid med skular i andre land.


FITJAR KRAFTLAG
www.fitjar-kraftlag.no





Fitjar vgs.
Vestland fylkeskommune



Ein god plass å vera,
ein god plass å læra

Kontaktinformasjon

 **Adresse:** Havnavegen 2, 5419 Fitjar

 **Telefon:** 53 45 78 00

 **E-post:** Post.Fiv@vlfk.no

Følg oss på sosiale medium:

 **Instagram:** @fitjarvgs

 **Facebook:** /FitjarVGS



www.fitjar.vgs.no